



MK LINHOLM, 52 fot, ligg til kai i Beinavikjo for oppussing.

MK LINHOLM (52 fot) kom frå Sagvåg til Uskedalen sist veke. Hardangerkutteren bygd i Rosendal 1920 ligg ved Uskedal Trelastlager sin kai i Beinavikjo. Eigarar er Kjell Lie og Per Ingbrigtsen. Jim Hjelmeland frå Herøysundet var eigar fram til 2007. Fartyet var den siste tida i Agasøster Transport si eige. Arbeidet med reingjering, oppussing og restaurering er i full gang.

MK LINHOLM vart innkjøpt til Måløy frå Alf Kråkenes og Ragnar Kvalheim i 1963. Eigar den gongen var Odd Lie. Det er uvisst kor i Rosendal skuta er bygd. Det kan ikkje vera på Skaaluren Skibsbyggeri. Der vart nemleg VAARSOL bygd dette året, skuta som i dag er eigd av brødrene Hammerø på Sunde.

MK LINHOLM gjekk dei fyrste åra med 42 HK Brunvoll. Ny motor, 50 HK Wichmann, kom på plass i 1968. I dag står det ein 210 HK Volvo Penta diesel i LINHOLM.



Eigarane Per Ingebrigtsen (t.v.) og Kjell Lie har starta arbeidet med reingjering og klargjering for driving av dekket. MK LINHOLM er registrert som eit verneverdig farty og vart i 2004 løyvd kr. 50.000,- til drift og vedlikehald. Stavnen er ny. Det meste av huda er skifta, den gongen på Holmen slipp. No treng skuta nye utbetringstiltak, mellom anna ny skanseledning, ny rekke og ikkje minst nating av dekket.

Per Ingebrigtsen bur i fabrikkboligen (Tippehuset) i Uskedalen. Kjell Lie frå Breistein, har vore sjømann både på langfart, på kysten og i den lokale rutefarten. Per og Kjell ynskjer å koma i kontakt med personar som kjenner fartyvernet og vil gje gode råd for oppussinga og drifta vidare. Dette gjeld særleg arbeidet med driving av dekket.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal